

Klart for nye fangstar - og hugs desinfisering!

01.07.2010



Kåre Vetrhus og Johannes Feet på Leite der desinfeksjonen skal skje. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ved midnatt natt til i dag starta fiskesesongen også i Uskedalselva og det blir rapportert at Asbjørn Rød fanga ein trekiloslaks i Djupgehølen.

Men førebels er tilhøva langtfrå ideelle, med liten vassføring

Det blir stadig viktigare å desinfisera fiskeutstyr og grunn- og elveeigarlaget har no montert eit tilbod på Leite til fiskarar som kjem frå andre vassdrag og skal fiska i den beste elva i Kvinnherad. Det vart teke rundt eit halvt tonn fisk i "vår elv" i fjor.

Kåre Vetrhus og Johannes Feet i laget strekar under kor viktig det er at fiskarar som har vore i andre elvar og brukt utstyret sitt desinfiserar dette når dei kjem til Uskedalselva. Det har også vorte mykje strengare med omsyn til båtbruk – frå og med i år er det forbod mot å ta med seg båtar utanfrå til Fjellandsbøvatnet.

Desinfisering og vasking av utstyr, vader og båt kan hindre spreidning av til dømes gyrodaktulus, krepsepest og vasspest. Det mest brukte desinfiseringsmiddelet heiter Virkon S og det er både enkelt å skaffa og enkelt å bruka.

På Fiskersiden.no finn ein råd om korleis desinfeksjonen skal skje. Her i bygda er utstyret altså plassert like ovanfor bruhaugen i sentrum og det blir vist dit frå bruhaugen og i infoskriva på alle tavlane langs vassdraget.

Av Ola Matti Mathisen



Kåre Vetrhus presenterar utstyret. (Foto: Ola Matti Mathisen)